

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

29. juni 2013

Dykkar ref.: 13/1010

Høyringsvar til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

Generelt

Utgreiinga legg fram ei omfattande tilstandskildring og tilrår konkrete forbetringar på fleire område. Norsk Forfattersentrum ser positivt på forslaget om overføringa av ansvar til Kulturdepartementet for område som vedrører barn og unge, som t.d. kulturskolane. Vidare støttar me tilrådinga om øyremerking av midlar til lokalt kulturløft i kommunane i ein tidsavgrensa periode, bl.a. til folkebiblioteka, og at utvalet bed departementet om styrking av kulturlova.

Norsk kulturråd må kunna løyva pengar til somme faste prosjekt i institusjonar som mottar statsstøtte.

Kommentarar til enkeltpunkt

11.16.1 Den kulturelle skolesekken (DKS)

DKS er ei nasjonal ordning med sterk regional forankring– og unik som ide for kunst og kulturformidling til barn og unge. DKS har sin styrke og sitt fokus regionalt, derfor må utgangspunktet først vera korleis me best ivaretar fylka sine behov for felles løysningar og dermed sørgjer for vidare utvikling av DKS. I dag opplever fylka at dei kvar for seg ikkje er i stand til å løysa uttalte behov – og at sekretariatet heller ikkje er gitt eit mandat som kan imøtekomma dette. Det gjer også at dei nasjonale måla til DKS om likt tilbod til alle barn uavhengig av bustad ikkje blir innfridde. Det er på høg tid å sikra berekraftige strukturar for DKS.

DKS treng ei nasjonal overbygning med mandat og styrke utover det dagens sekretariat representerer. Norsk Forfattersentrum ønskjer eit styrka DKS-sekretariat, som

- Ivaretar DKS sin regionale styrke og fokus og ivaretar fylka sine behov for felles løysingar
- Har mandat til å forhandla med utøvarar og opphavsrettssorganisasjonar
- Har mandat til og ansvar for å vera i dialog med nasjonale styresmakter

- Sørgjer for eins tildeling og rapporteringsstruktur for fylka
- Utviklar og handterer felles kommunikasjonsstrategi og struktur for DKS
- Utviklar felles tiltak for kompetansebygging og kvalitetsikring for DKS-nettverka.

Mandatet og det beste ved strukturane i dagens skolekonsertordning bør gjerast gjeldande for resten av kunstuttrykka i Den kulturelle skolesekken. Slik kan me ta viktige grep for å sikra at barn og unge får oppleva kultur av høg kvalitet, tilpassa aldersgruppa si og uavhengig av geografisk bustad. Ei nasjonal overbygning med mandat til å forhandla på vegner av alle kunstuttrykk bør forvalta DKS-ordninga og utvikla felles strategi for kommunikasjon, kompetanse og kvalitetssikring. Dette må skje i samspel med sjølvstendige fagmiljø (Nettverk for nasjonale aktører) for kvart kunstuttrykk. Om ein nasjonal overbygning skal ta skolekonsertordninga som utgangspunkt, vil det også måtta føra til ei omgjering av Rikskonsertene. Det vil også vera behov for å tydeleggjera dei nasjonale aktørane si rolle.

Me meiner det ligg eit kraftpotensial i oppbygginga av eit nasjonalt kompetansesenter for Den kulturelle skolesekken. Etter Kulturløftet I og II er tida mogen for å sjå nærare på kvaliteten i tilbodet og dermed sørgja for eit reelt kulturløft for barn og unge. Berekraftige strukturar er nødvendig for å setja fokus på dette og vil vera eit vesentleg svar på dei geografiske ulikskapane som finst og den kritikken som blir reist mot Den kulturelle skolesekken.

Som nasjonal aktør for litteratur i DKS har Norsk Forfattersentrum ein visjon om at alle elevar i grunnskulen skal få eit forfattarbesøk kvart år. Me har i fleire år søkt om faste, årlege produksjonsutviklingsmidlar for å bli betre rusta til å utføra dette arbeidet, men til no har me ikkje fått det.

11.7 Språk, litteratur og bibliotek

Norsk Forfattersentrum har lenge registrert at både større og mindre folkebibliotek slit med manglande ressursar. Det er derfor viktig at målsettinga frå Kulturløftet I og II om å styrka biblioteket som arena for leselyst, læring og kulturopplevingar snarast blir gjennomført (Boks 11.6:160).

Norsk Forfattersentrum var saman med Foreningen !les og Leser søker bok dei mest sentrale aktørane under Leseåret 2010. Leseåret skulle markera starten på eit nasjonalt leseløft fram til 2014, men satsinga har frå politisk hald vore meir eller mindre fråverande i 2011, 2012 og deler av 2013. Det er viktig at mål og tiltak frå *Mål og mening* og stortingsmeldinga *Bibliotek* blir synleggjorde og sette i gang. Det er nødvendig at strategien i leseløftet er langsiktig og at det blir løyvt midlar til tiltak som over tid har som mål å auka engasjement for lesing blant både barn, unge og vaksne.

Eit tettare organisert samarbeid mellom DKS og folkebiblioteket ville bidra positivt til å sikra at alle elevar får møta eit breitt spekter av kvalitetslitteratur.

Foreningen !les har i 16 år vore ein viktig og aktiv nasjonal aktør i formidlinga av nyare norsk og omsett litteratur, og for å fremja lesing blant unge og vaksne i Norge. Foreningen !les står bak fleire vellukka leseprosjekt både i skoleverket, biblioteksektoren og på andre arenaer og samarbeider tett med lærarar, elevar, bibliotekarar, forfattarar, forlag med fleire. For å auka engasjementet for lesing og interessa for litteratur, må det leggjast til rette for langsiktige tiltak og forutseielege rammevilkår. Foreningen !les har etablert og utvikla eit breitt nettverk og gode tiltak som inkluderer formidling av samtidslitteratur innan ulike sjangrar retta mot fleire målgrupper. Skal dette arbeidet halda fram, er det ein føresetnad at foreningen blir sikra trygge økonomisk rammer. Slik kan ein utvikla dyktige lesarar no og i framtida.

Skolebiblioteka er viktige rom der barn og unge kan søkja kunnskap og møte litteraturen i sitt daglege miljø. Me viser til Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere si skildring av situasjonen for skolebiblioteka og meiner det bør utgreiast om det skal opprettast ei eiga innkjøpsordning for skolebibliotek. *Program for skolebibliotekene* bør videreførast også etter 2013.

Når det gjeld innkjøpsordningane generelt viser me til Den Norske Forfatterforenings høyringssvar og støttar kravet om at ordningane må styrkast og at dagens ordningar blir justert etter kostnadsutviklinga.

13.4

Vedrørende tal og storleik på arbeidsstipend støttar me Den norske Forfatterforenings høyringssvar.

Vennleg helsing
Norsk Forfattersentrum

Per Olav Kaldestad (sign.)
styreleiar